



DRA TIL SJØS: Sunquest sin stand på båtmessa «Dra til sjøs» i Bergen. Frå venstre Jonny Bjørnset, Eli Reksten, Kevin Durkin og Paal Dimitri Skorpen. Foto: Privat

# Stor interesse for Florø-båt

**BERGEN:** I helga fekk Sunquest MotorYachts Norway frå Florø vist tre båtar på den store båtmessa i Bergen. –Vi fekk mykje merksemd og mange interesserte var innom standen, fortel Jonny Bjørnset i Vestnes Innredning.

Dei utrustar og innreier båtene i ein produksjonshall på Kleven Florø sitt område. Lokale krefter med pågangsmot og kompetanse står bak satsinga. På eigarsida finn vi Vestnes Innredning (25 prosent), Florø Skyssbåtservice (25 prosent) og Ove Stavø som lokale representantar. Saman kontrollerer desse tre 62,5 prosent av aksjane i Sunquest Motor

Yachts Norway, medan ein bergensk og ein engelsk interessent sit på resten.

Sunquest har fem modellar frå 37 til 62 fot i eit prisleie frå 3-6 millionar kroner. Dette er større lystbåtar med høg komfort.

– Vi er inne i ei nisje i marknaden. Konseptet er slik at kunden kan vere med å påverke og skreddarsy båtene til sine behov og vi tilbyr forskjellige variantar av halvfabrikata. Båtene er vinterisolerte og tilpassa norske forhold. Vi er konkurransedyktige på pris sidan vi kan selje direkte frå fabrikk, fortel medeigar Ove Stavø.

Sunquest presenterte 3 modellar på mellom 40 og 50 fot på messa. Selskapet har kjøpt båtformene i England og alle rettane til Sunquest. Dei har dermed sikra seg både namn, logo, design og teikningar. Skroga vert førebels stoypte like utanfor London. Sun-



**UNDER ARBEID:** Her ser vi ein av båtane under arbeid i utrustingshallen i Flora.

quest-selskapet er på jakt etter nye lokale for montering og utrusting i Florø, sidan det blir

opprøping av aktivitetene til Kleven-verftet i Florø.

Arve Solbakken

## Heidi gir ikkje opp Årdal

OSLO: Stortingsrepresentant Heidi Grande Røys frå SV vil ikkje gje opp å få Scan Wafer til Årdal, sjølv om styret la vekk planane sist veke. Ho seier til NRK at næringskomiteen er svært oppteken av det som skjer i Årdal, og fyrste prioritet er å ta ein runde til med Scan Wafer. Andre prioritet er å leg-

gje politisk press på Hydro til å søke dispensasjon frå utleppskrava slik at søderbergomane i Årdal kan halde fram enno nokre år, seier Grande Røys. Men Hydro held fast på planane om å stenge dei eldste omnane ved metallverket i løpet av 2006.

## Sjukehusa må vise resultat

OSLO: Sosial- og helsedirektoratet offentliggjør nye kvalitetsmålingar innan spesialisthelsetenesta, og for første gong offentliggjør dei også målingar innan den psykiske helsetenesta. - Kvalitet kan målast og helsetenesta må vise sine resultat, seier assisterande direktør Bjørn Guldvog i Sosi-

al- og helsedirektoratet. Indikatorane har tre funksjonar: Å gi pasientar og brukarar betre moglegheit til å velje sjukehus, å gi eit betre grunnlag for utvikling av kvalitet i helsetenesta og å gi leiinga i helseforretaka og helsemyndighetene betre moglegheit til å styre utviklinga.

www.tokokker.as

**Bistro**  
«To kokker» as

## Ukemeny uke 8

**Mandag:** Stekte Bratwurst m/potetmos og wokgrønsaker

**Tirsdag:** Sei Cordon Bleu

**Onsdag:** Grilla svineknokke m/kryddersaus og potet

**Torsdag:** Raspeball m/saltkjøtt

**Fredag:** Panert svinesnitzel

Vi tar forbehold om endringer!

Ta med hjem eller spis i kafeen kr. 69,-

**For bestilling:**

tlf. 57 75 22 33

**Bistro**

**Samfunnshus**

tlf 57 74 07 97

Vi leverer alt innen catering. Møtemat, snitter, kaldtbord, skaldyrbord, menyer. Husk konfirmasjonsmiddag!



Tlf. 57 74 29 88

**Fredag og lørdag musikk**

**To vise menn**

**Fredag og lørdag musikk**

**DJ Bengt**



**Hjørnevikbua**

**Restaurant**

**Åpningstider**

**vinter 2005**

**Mandag:** 18.00–23.00

**Tirsdag:** 18.00–23.00

**Onsdag:** 18.00–23.00

**Torsdag:** 18.00–23.00

**Fredag:** 18.00–23.00

**Lørdag:** 18.00–23.00

**Søndag:** Stengt

**Hjørnevikbua Pub**

**Åpent hver dag fra kl. 12.00**

Vi har småretter og pizzameny.

**FOR BORDBESTILLING**  
TLF. 57 74 01 22

www.tokokker.as